

Skjortefodno lever vidare

**Skjortefodno, den karakteristiske snøfonna i Mannen, tinar fort i år.
No er det ikkje så mykje att av ho.**

**Men det er nytt av året at ho vil leva vidare nede i sentrum,
på det massive gjerdet mellom Rabben og SPAR.**

Det er kunstnar Ove Stokka som er meister for gjerdet, som er eit kunstverk og ein attraksjon i seg sjølv. På det er fjella våre gjenskapt nede ved fjorden og med mange fascinerande figurar.

Gåso i Nåso er på plass frå før og no er altså Skjortefodno montert. Dermed må kunstverket betraktast som fullført og vi ventar spent på kva Stokka finn på neste gong.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen